



Byglandsnytt nr. 47 – juli 2023

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700,
post@bygland.kommune.no. www.bygland.kommune.no

Neste utgåve: 28. juli 2023. Send tips innan 26.07.

Opningstider Bygland kommunehus

- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

Evje og Bygland legesenter tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117

telefontider måndag – fredag 08.30 – 11.30 og 13.00 – 15.00

- **Bygland legekantor** er stengt over sommaren
- **Evje legekantor**, Ljosheimvegen 5, 4735 Evje
måndag til fredag kl. 08.00 - 15.00

Tannlegeklinikken i Bygland via Evje tannklinikk tlf. 37 93 01 95
Sentrum 18, 4745 Bygland, 2. etg. på kommunehuset

Folkebiblioteket i Bygland tlf. 945 22 025

- Sommarstengt. Biblioteket opnar att på måndag 7. august.

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bygland.kommune.no/innsyn

- Plan-, miljø- og ressursutvalet: 04.07. kl. 09.00

Kunngjeringar

Oppheving av det midlertidige forbodet om bruk av open eld

Brannvesena i Agder oppheva det midlertidige forbodet om bruk av open eld frå og med fredag 30.06.



Det betyr at ein går tilbake til det generelle bålforbodet som gjeld for heile landet.

Dei opphever dette forbodet fordi faren for skogbrann er mindre no. Det har kome ein del nedbør fleire stader i Agder den siste tida, og prognosane viser at det vil kome meir i tida framover.

Dersom ein ser at det blir like turt som det har vore i juni ut over sommaren, vil dei vurdere å innføre det midlertidige forbodet att

Det generelle forbodet gjeld no

Det er det generelle forbodet som gjeld frå og med fredag 30. juni, og dette gjeld i samtlege kommunar i Noreg.

Det er veldig lokale variasjonar når det gjeld nedbøren som har kome og den som er meldt i tida framover. Det betyr at det framleis er svært turt enkelte stader. Det er mange stader det framleis vil vere uforvarleg å tenne opp bål. Dette er altså den enkelte sitt ansvar.

Du kan lese meir om det generelle bålforbodet her:


<https://lovdata.no/sok?q=2015-12-17-1710>

Bygland kommune sine aktuelle kunngjeringar finn du her:

www.bygland.kommune.no/kunngjeringar.522076.nn.html

Anbod - Legging av VA-infrastruktur frå Raudbekk til Reise og Legging av avløpsledning frå Raudbekk til Hamren

Bygland kommune lyser ut anbod på legging av VA – infrastruktur frå Raudbekk til Reise resp. Hamren sør i Byglandsbygda



Vi viser til dokumenta som ligg som vedlegg på Bygland si heimesida.

Høyring på namnesak 2023/142 - Lidi mfl. i Bygland

Kartverket har oppretta namnesak på skrivemåten for Lidi og Øvre Lidi

Saka vert teken opp for å få avklare rett skrivemåte for offentlig bruk. Kartverket har sendt saka til lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn. Lokale organisasjonar og andre har rett til å uttale seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytting til.

Kommunen hentar inn og samordnar høyringinnspel og sendar dette til Språkrådet. Språkrådet gir tilråding til kartverket som har vedtaksmynde.

Fråsegn må vere kommunen i hende innan **12. august 2023**, og sendast til: Bygland kommune, sentrum 18, 4745 Bygland eller e-post til post@bygland.kommune.no og merkast med; namnesak 2023/142.

Offisielle vallister – kommune-styrevalet 2023



Bygland valstyre har i møte 31.05.23 godkjent vallistene til kommunestyrevalet 2023

Desse vallistene blei godkjende i møtet:

- Arbeidarpartiet
- Høgre
- Pensjonistpartiet
- Senterpartiet

Du finn vallistene på Bygland kommune si heimeside.

Vallistene ligg og til gjennomsyn på kommunehuset i Bygland.

Viktige datoar

- **03.07.2023: Tidlegrøysting - Kommunestyre- og fylkestingsval 2023**

Ordninga er meint for dei som ikkje har høve til å røysta innanfor førehandsrøystingsperioden eller på valdagen.

Om du ønskjer å røysta mellom 3. juli og 9. august må du ta kontakt med Publikumsmottaket og avtala tid (kvardagar mellom kl 10.00-14.00) for å få røysta.

For å avtala tid kan du sende ein e-post til post@bygland.kommune.no eller ringe 37 93 47 00.

Adresse: Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland

- **03.07.2023: Utanriksstemmegiving - Kommunestyre- og fylkestingsval 2023**

Veljarar som bur eller oppheld seg i utlandet kan førehandsstemma på norske ambassarar og andre utanriksstasjonar eller hos andre utnemnde stemmemottakarar frå 3. juli 2023

Veljarar busett i utlandet får ikkje valkort, men hugs legitimasjon.

Kan du ikkje oppsøkjastemmemottakar?

Dersom du er i utlandet, men ikkje har høve til å oppsøkjastemmemottakar kan du brevstemme. Les om brevstemme her:
Brevstemme - <https://www.valg.no/for-velgere/kommunestyre--og-fylkestingsvalget-2023/stemme-fra-utlandet/brevstemme/>

Anna statleg informasjon

Datoar for passbilen 2. halvår 2023

Passbilen kjem til Evje 21. september og 30. November

Pass og ID-kort

På passbilen kan du få utferda anten pass, ID-kort eller begge delar. ID-kortet gjeld som pass i Europa (Schengen-området) og er godkjent legitimasjon i alle høve i Noreg.


ID-kortet er gyldig i 5 år, medan passet er gyldig i 10 år (for vaksne).

For informasjon om prisar m.m., kan du finne dette på www.politiet.no, eller du kan ta kontakt på politistasjonen på Evje.

Du må bestille time

For å bestille time, kan du gå inn på www.politiet.no. Om du treng hjelp til å bestille time, kan du kome innom Bygland, Evje og Hornnes politistasjon, eller ringe dei på telefon 38 13 68 30, så hjelper dei deg med å bestille.

Du må ha ein mobiltelefon tilgjengeleg når du bestiller, då du må stadfeste bestillinga med ein kode som kjem på SMS.



Helse

Kommuneoverlegen går av med pensjon

(Tekst frå Evje og Hornnes kommune si heimesida)

Kommuneoverlege i Evje og Hornnes og Bygland kommunar, Åsulv Horverak, fyller 67 år og har bestemt seg for å gå av med pensjon. Den formelle beskjeden kom til kommunen onsdag 14. juni.

Einingsleiar helse i Evje og Hornnes kommune, Sigmund Olav Syrtveit, seier at det har vore kjent for kommunen ei stund at kommuneoverlegen har starta å planleggja pensjonisttilværet. No er altså tidspunktet landet - han trappar ned frå august.

Framleis knytte legetenesta til

Horverak (biletet) blir ikkje heilt borte frå legetenesta sjølv om han blir pensjonist. Han jobbar no saman med kommunen om å leggja ein vidare plan for kva tenester han framleis kan utføra for Evje og Hornnes og Bygland kommunar. Dette er ikkje landa enno, men hovudfokus kjem til å vera pasientkontakt. Det blir understreka at legetimar som pasientar allereie har avtalt med Horverak, kjem til å gå som planlagt.



Bilete: Kommuneoverlege for Evje og Hornnes og Bygland kommunar, Åsulv Horverak. Fotograf: E & H kommune

Lang karriere

Åsulv Horverak kan sjå tilbake på ein lang karriere i legetenesta, som spesialist i allmennmedisin og samfunnsmedisin. Før han kom til Bygland i 2010, jobba han mellom anna som fastlege og kommuneoverlege i Songdalen. Før det igjen jobba han fleire år i Finnmark. I 2012 vart han felles kommuneoverlege for Bygland og Evje og Hornnes.

Me takkar for ein formidabel innsats så langt, og er glad for at han framleis vil vera ein ressurs for innbyggjarane i kommunen – sjølv om det no blir på ein litt annan måte.

Setesdal barnevern har ikkje mista bekymringsmeldingar etter feil i nasjonal meldingsportal

Tekst av Ole Birger Lien, frå Bykle kommune si heimesida



Kommunane i Setesdal barnevern er ikkje råka av feilen i Nasjonal portal for bekymringsmeldingar.

Heilt sidan hausten 2020 har det vore ein feil i Nasjonal portal for bekymringsmeldingar, ein feil som det no viser seg har ført til at fleire bekymringsmeldingar til barnevernet har forsvunne.

- Feilen har ikkje råka Setesdal barnevern og kommunane Bygland, Valle og Bykle, seier leiar i Setesdal barnevern, Hedda Helene Schaanning.

Det er ho sikker på fordi systemet for bekymringsmeldingar til Setesdal barnevern baserer seg på ei anna løysing enn den det no er oppdaga feil i.

Kartlegg feilen no

Heilt sidan oppstarten av den nasjonale portalen for bekymringsmeldingar har det altså vore ein feil i systemet som har ført til at somme bekymringsmeldingar har blitt sende men aldri kome fram til barnevernet. Fleire kommunar også i Agder er råka, men altså ikkje Setesdal barnevern. IKT Agder kartlegg no omfanget av avvik i kommunane selskapet driftar.

Bygland Kommune, Helse: Støttekontakt eller

besøksheim Har du lyst til å ha ein jobb som opplevast svært meiningsfull? Vi treng støttekontaktar og besøksheimar.



Har du lyst på eit hyggeleg oppdrag?

Vi søker etter støttekontakter og besøksheim for barn og unge

Som **støttekontakt** kan du spele ei viktig rolle i livet til eit anna menneske og gi positive opplevingar og god utvikling.

Di oppgåve vil vere å motivere og legge til rette for sosialt samvær, meiningsfull fritid og meistring av kvardane for personar med ulike formenr for funksjonsnedsettingar og/eller sosiale utfordringar
Du vil få godtgjersle frå kommunen

Besøksheim er ein familie eller einsleg som tar i mot eitt barn eller eit søskenpar ca ei helg pr. månad.

Heimen må ei ein stabil livssituasjon og moglegheit for å binde seg for minst eitt år. Heimen må ha tid, overskot og sengeplass til ekstra barn. Ein bør ha innlevingsevne og forståing for behovet og reaksjonane til barnet. Det å oppleve ein trygg og god familiesituasjon er i dei fleste samanhengar det barnet treng mest.

Høyrest dette ut til å vere noko for deg?
Då kan du ta kontakt med:
Kjersti Plathe på tlf. 952 15 572

Drift og forvaltning

Vi har sjekka kvaliteten på badevatnet!

Drift og forvaltning og Vassområdekoordinator – Otra Vassområde har i løpet av juni tatt vassprøver av badevatnet ved Tangen og Vassendkilen. Resultata viser at badevatnet på både plassane oppfyller dei høgaste krava til badevasskvalitet.



Bilete: Vassendkilen med Byglandsfjord oppvekstsenter i bakgrunnen. Foto: Bygland kommune

Når ein måler kvaliteten på badevatnet, målar ein på bakterieførekomst. Vassprøvene oppfyller altså dei høgaste krava!

Prøvetaking blir utført av driftsavdelinga i samband med at kommunen likevel må ta prøver andre stader i Byglandsfjorden (på grunn av drikkevasskjelder). Prøvene blir sendt til Eurofins laboratorie i Kristiansand. Der blir dei analyserte for innhald av relevante bakteriar.

Krypsivtiltak i Bygland sommaren 2023

Det vil bli utført klipping og harving av krypsiv i elvestrekk mellom Ose bru og Storøy ved Granheim i vekene 25 - 32

Firmaet Amfibie Service AS gjennomfører arbeidet med farkostar som klipper, rotfresar og samlar opp krypsivet. Under arbeidet vil det bli lagt ut ei lense for å samle opp krypsivet like nedstrøms kvart enkelt tiltaksområde.



Bilete: Amfibie Service AS

Tiltaksområder som skal behandlast er: Ose, Krokievja Austad, Heistad, Sordal og Storøy ved Granheim.

For kart sjå bygland.kommune.no

Kontaktpersonar under arbeidet er:

- Amfibie Service AS, Elin Førdedal Aanonsen, Tlf: 98644322, e-post: post@amfibieservice.no.
- Vassdragstyret Øvre Otra, Nils Børge Kile (sekr.), Tlf: 91547807, e-post: Nils.Kile@bygland.kommune.no

Sommarstenging av Byglandshallen og Årdalshallen

Byglandshallen og Årdalshallen blir sommarstengde for organiserte aktivitetar i skuleferien. Tida blir nytta til periodisk og årleg reinhaldsoppgåver og gir moglegheiter for ordinær sommarferieavvikling.



Bilete: Byglandshallen av S. Hegenscheidt

I Byglandshallen vil styrkerommet vere oppe som normalt. Enkeltarrangement kan avtalast med skuleleiinga på oppvekstsentra.

Arrangement på Presteneset 2023?

Har du nokon planar om, eller ynskjer å bruke Presteneset til arrangement sommaren 2023?

Oversikt over arrangement

Følgjande tidspunkt er opptatt, men det moglegheiter for fleire arrangement sommaren 2023!

Dato

Arrangement

21. - 30. juli Området er booka av Bygland luftsportsklubb (Gamaveka Extreme)



Bilete: Lislefarm på Presteneset 2018. Foto: Bygland kommune

Sommaren 2023

Området er drifta og forvalta av Bygland kommune. For å få ein oversikt, og god avvikling av eventuelle arrangement, så ber me om at aktuelle aktørar henvender seg til kommunen med ein skriftlig søknad om å bruke areala.

Søknaden må innehalde tidsrom for arrangementet, type aktivitet og andre behov som må dekkjast. T d sanitære forhold. Kommunen ynskjer også å ha dialog med arrangørar når det gjeld sikkerheitsplan for arrangementet og eventuelle behov for skjenkeløyve.

Aktuelle lenkar kan vere nyttige å lese igjennom:

- <https://www.bygland.kommune.no/store-arrangement-skjema-og-rettleiar.427998.nn.html>
- Skjenkjeløyve - einskild høve / ambulerande

For god planlegging så ynskjer kommunen søknadane snarast mogleg. Dersom fleire ynskjer arrangement i same tidsrommet, så er utgangspunktet at «første mann til mølla prinsippet» gjeld.

Lenka til søknadsskjema finn du på Bygland kommune si heimesida.

Aktuelle kontaktpersonar er beredskapskoordinator Rune Larsson (913 38 585) eller tenesteleiar drift og forvaltning Kjell Øyvind Berg (918 63 403)

Plan, bygg og eigedom

Ønskjer du å energieffektivisere?

Sjølv om sommaren ikkje er den tida vi bruker mest straum, kjem det alltid ein haust og ein vinter.

Ønskjer du å gjere energieffektiviserande tiltak i bustaden din, kan det vere lurt å starte planlegging no.



Bilete: Energiportalen.no

Ein god start er å sjekke kva du sparer i energi ved ulike energitiltak. Det gjer du på Energiportalen. Du kan også sjå om det er ledige energirådgjevingstimar att og bestille ei objektiv synfaring med ein rådgjevar.

Bruk av Energiportalen og synfaring med ein energirådgjevar er gratis for deg som bur i Bygland. Sjå på nettsida: agder.energiportalen.no/

Nyheitsoppdateringar frå Direktoratet for byggkvalitet

Det har kome nyheitsoppdatering frå Dibk om mikrohus og pipe/skorstein



Det har kome endringar i rettleiing til byggesaksforskrifta om at **tilbygg som inneheld pipe/skorstein** no er søknadspliktig tiltak med krav om ansvarleg føretak. Tidlegare kunne tiltakshavar oppføre tilbygg med pipe/skorstein på inntil 50m2 som søknadspliktig tiltak utan krav om ansvarleg føretak.

Du kan lese meir på Direktoratet for byggkvalitet si side: dibk.no

Nye reglar for oppføring av mikrohus: Frå 1. juli gjeld nye reglar for oppføring av mikrohus. Du kan lese meir om regelendingane og prøve ut ein digital vegvisar for dei som vurderer å bygge mikrohus her: https://dibk.no/byggtekniske-omrader/regler-for-mikrohus-til-boligformal?link_id=076ab0cc-bbb1-4b08-b690-363140c24869

Du kan også sjå opptak av eit **webinar om mikrohus**.

Kultur

Sommarles 2023

Sommarles.no er ein digital lesekampanje for 1.-7. klasse, som varer frå 1. juni til 31. august. På Sommarles.no kan du registrere bøkene du les, samle poeng, få kule premiar og lesetips, lese den eksklusive Sommarlesforteljinga, løyse oppgåver og følge med på kva vennene dine les!

Vil du vite meir om Sommarles? Sjå altom.sommerles.no



Kyrkjene i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd

Sentrum 18, 4745 Bygland

bygland.kyrkelyd.no og på Facebook.

Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472

Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173

Gudstenester (med atterhald)

- søndag 16.07. kl. 11.00: Gudsteneste på KVS Bygland v/ Knut Gakkestad
- laurdag 29.07. kl. 18.00: Olsok. Gudsteneste, Sandnes kapell, Sandnes v/ Kjell Steinbru



Bibel- og naturcamp på KVS Bygland

3. -16. juli 2023 - Midt i hjarta av Setesdal

Kontakt: Olav Nilsen, tlf. 982 99 711, e-post:
kbnilsen@hotmail.com



*Bilete: KVS Bygland. Begge
foto: Susanne Hegenscheidt*

Dagsprogram:

Søndag 9. juli fra kl.16.00		Ankomst, innkvartering, kveldsmat, kveldsmøte
Hver dag mandag til fredag:	Kl.08.30	Fleksifrokost
	Kl.09.30	Bønnesamling
	Kl.10.00	Bibeltid, barne- og ungdomssamlinger
	Kl.11.30	Turer/utflukter
	Kl.17.00	Middag
	Kl.19.00	Bønnesamling
	Kl.19.30	Kveldsmøte
Torsdag 13. juli	Kl.19.30	Israelskveld med Harry Wiig Andersen
Fredag 14. juli	Kl.12.00	MISJONSLØP til inntekt for skolen
Lørdag 15. juli	Kl.16.00	Båttur med DS Bjoren på Byglandsfjorden
	Kl.18.30	Konsert i Bygland kyrkje med organist Knut Olav Uppstad og saksofonist Randi Steinholt.
		Andakt med Jostein Janøy
	Kl.20.30	Grillkveld på KVS Bygland
Søndag 16. juli	Kl.11.00	Familiegudstjeneste på KVS Bygland med Jostein Janøy
	Kl.13.00	Felles avslutningsmiddag på KVS Bygland

Salg av bøker i forbindelse med møtene.

Vi forsøker også å ha en del aktiviteter på skolen for de som ikke blir med på dagsturene.

Priser pr. døgn:

Campingvogn	kr. 250,-
Strøm:	kr. 50,-
Overnatting på internat pr.voksen:	kr. 250,-
Overnatting på internat pr.barn under 14 år	kr. 50,-

Matpriser:

Frokost for voksne	kr. 50,-
Frokost for barn under 14 år	kr. 30,-
Frokost med niste	kr. 100,-
Middag for voksne	kr. 150,-
Middag for barn under 14 år	kr. 50,-

25 prosent familierabatt for alle barnefamilier.

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: *Bygland frivilligsentral, Sentrum 18, 4745 Bygland, e-post: post@bygland.frivilligsentral.no. Nettside: bygland.frivilligsentral.no*



INFO: I sommar vil Olav Grendstad vere vikar for Anne Fauske på BUA. Friviljuge vil fortsatt vere engasjerte, men med Olav som ansvarleg. Alt av spørsmål kan rettes til han, tlf. 906 65 459.

Ved andre spørsmål ta kontakt med leiar samfunnsutvikling/ass. kommunedirektør Aslak Brekke, tlf. 916 93 675.

Opne aktivitetar:

- BUA Bygland (tidlegare Utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

Andre aktivitetar: SOMMARPAUSE

Bygland ungdomsklubb: SOMMARPAUSE GOD SOMMAR! 😊

Tømekalender for Bygland kommune – juli 2023

- *Papir og plast:* veke 28: tysdag 11.07.
- *Matavfall og glass/metall:* veke 28: torsdag 13.07.
- *Matavfall og restavfall:* veke 30: torsdag 27.07.

Gjenvinningsstasjonar

Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i måneden kl. 14.00 – 18.00 (12.07.) og 4. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (22.07.)

Syrteit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (08.07.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 47:

Bilete: Framside: På fisketur ved Bjoren Brygge av Susanne Hegenscheidt. Innhald (m. m. anna er spesifisert): pixabay.com, S. Hegenscheidt, Anne Fauske. Kva skjer: Mor og dotter i stakk på Bygland museum. S. H. Takk til alle fotografer!



Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. Korrektur: Mari Rygg. Byglandsnytt august 2023: 28.07., skrivefrist 26.07.

KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Bygland filmklubb og Bygdekinoen tek sommarpause 😊

YMSE

Sommaren er her, og vi håper at Bygland får besøk av mykje turistar.

STOGA kulturkafé og BYGLAND TURISTKONTOR på Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 907 81 105

- open dagleg kl. 11.00 – 17.00

På turistkontoret får du

- kart over Bygland og over enkelte turar
- fiske og kvar du kan kjøpe fiskekort i Bygland
- bomvegar i Bygland (som er opne mot betaling)
- kaffi, vaflar, toast, is, avisar og Setesdal-bøker

BYGLAND MUSEUM

Presteneset, Bygland

- open dagleg kl. 11.00 – 17.00

Bygland museum er del av Setesdalsmuseet

Er du med på #bygland23?

Vil du trimme både kropp og psyke i sumar? Med hjelp av lokale toppturentusiastar har me samla dei 23 toppane i Bygland kommune som har den beste kombinasjonen av tur, topp og utsikt til fjorden. Kor mange av desse kjem du deg opp på før sumaren er over? Her er alt frå lette små turar på merka løyper, til turar kor du burde være i god form, og ha heile dagen på deg.

Korleis du kjem deg opp må du finne ut sjølv, du kan google, spørre nokon, eller kom innom her på Stoga, så kan Olav gje eit tips eller to. Me har ikkje merka løyper, me har ikkje satt ut postkasser eller postar på toppane. Me har berre vore der og tatt bilete av utsikten. Det kan du òg gjere, ein selfie og merke den med #bygland23 på facebook eller instagram. Alternativt kan ein sende på mms til 90781105 (Turistinfotlf.).



Bilete: Olav Grendstad



Ellingsknuten, Ellingstjønn. Foto: Olav Grendstad

Premie til dei 3 med flest toppar, og i tillegg vert ein trekt ut bland dei som har minst 1 topp. Sesongavslutning og premieutdeling her i Stoga onsdag 23. august.

Dette er turforslag for dei som vil oppleve Byglandsnaturen på sitt beste, så me tilrår triathlonvarianten. Bad i fjorden, sykle så langt du kjem på vegen mot toppen, og gå resten. Nyttar du bil, parker ved riksvegen, eller ved fylkesveg/kommuneveg, og gå derfrå. Følg elles vanlege reglar for ferdsel i utmark, tak god omsyn til lokale grunneigarar og lokal næring, og ser du søppel, tak det gjerne med deg heim. All ferdsle på eige ansvar. Altså 23 toppar frå 23. juni til 23. august i 2023. **God tur! God sumar! God #bygland23!**

(Tekst: Bygland turistkontor / Olav Grendstad)

Frå Gully, Minnesota til Setesdal - På sporet av forfedrene frå Bygland

Bjoren-bilete i Facebook kalenderen til Bygland for veke 27/2023 er tatt av Mark A. Lee. Mark er norsk-amerikanar frå Gully i Minnesota, USA, med forfedre frå Bygland (Øvre Kvaale), Åraksbø (Lidtveit/Rom) og Ose (Fosslid). Han er på tur for å finne garden og husmannsplassen der tippoldefar og tippoldemor reiste ifrå, da dei emigrerte til Amerika seint på 1800-talet.



Bilete: Bjoren på Byglandsfjord. Foto: Mark A. Lee



Bilete: Mark A. Lee frå Gully, Minnesota på Øvre Kvaale. Foto: Grunde Kvaale.

Mange i Bygland og i Valle har alt blitt kjent med Mark som ein person det er lett å kome i kontakt med. Dei som er ven med han på Facebook kan følge reisene hans gjennom Setesdal med mange flotte bilete, videoar og historier.

BJOREN BRYGGE på Presteneset på Bygland



Ose Matmarknad – laurdag 8. – søndag 9. juli på Ose i Setesdal



-MATMARKNAD-

Salgsbodane er samla i det vesle sentrumet i Ose, ramma inn av den gamle "Storstoga", eit to etasjar høgt laftebygg, Ose Turistheim, Ose Ullvare, Ose Grendehus og Coop Marked Ose.

Vi har plass til fleire utstillarar.

På Ose Grendehus er det etegilde med tradisjonsmat der du kan få kjøpt: Korv m/komle el. poteter, Komper, Setesdalssuppe, Rjomegraut og Spekemat.

Gratis inngong på marknaden.

- Kulturpatruljen kjem for å opptre
- gratis hoppeslott for borna
- Bjoren har rundturer på sundagen

Opningstider:

laurdag: 11.00-17.00

sundag: 11.00-17.00

Parkeringavgift kr 100,-

OSE COUNTRYFESTIVAL 2023

I samband med at det er 40 år sidan den fyrste festivalen til Ose Countryfestival vart arrangert i «Norske Countryfestivals Vugge» på Ose, vil vi arrangere en "mimrefestival" frå torsdag 6. juli - laurdag 8. juli 2023 på Reiarsfossen Camping, same helg som Matmarknaden på Ose.

PROGRAM:

TORS DAG 06. JULI:

21.00 - 01.00: Pubdans til musikk med "Armand"

FREDAG 07. JULI:

13.00 - 16.00: Minigolfturnering.
Trump-pokal satt opp.
16.00 - 18.00: T-dans med musikk til "Spellemannslaget" m/duoen Espen Skeie og Tor Johan Haugland

19.00 - 20.30: Cabaleras
21.00 - 22.00: Jeff Shiffman (US) og Oliver Skett (UK) m/band
22.30 - 00.00: Arly & Hawk Band
00.00 - 02.00: Nachspiel m/fam i regi av "Spellemannslaget"

LAURDAG 08. JULI:

11.00 - 17.00: Matmarknad på Ose
11.00 - 12.00: Times tur med D/S Bjoren fra Ose brygge
14.00 - 15.00: Times tur med D/S Bjoren fra Ose brygge

19.00 - 20.30: Hallvardson m/ Vidar Frøynes & band
21.00 - 22.30: Svein Egil Torgersen & Convoy
23.00 - 00.30: Stein Roger Sordal m/band
01.30 - 02.00: Nachspiel m/fam i regi av "Spellemannslaget"

SUNDAG 09. JULI:

11.00 - 17.00: Matmarknad på Ose

12.00 - 13.00: Times tur med D/S Bjoren fra Ose brygge

13.30 - 14.30: Times tur med D/S Bjoren fra Ose brygge

15.00 - 17.00: Tur med D/S Bjoren fra Ose - Bygland (ingen retur)

17.00: Siste utsjekk

ORDINÆRE BILLETPRISER :

Dagspass:

Torsdag: 200 kr (Billett DP1)

Freddag: 400 kr (Billett DP2)

Lørdag: 400 kr (Billett DP3)

Festivalspass:

Torsdag-lørdag: 800 kr (Billett FP1)

Freddag-lørdag: 600 kr (Billett FP2)

Festivalspass inkl. camping:

Torsdag-søndag: 1.600 kr pr pers (Billett FP3)

Freddag-søndag: 1.200 kr pr pers (Billett FP4)

BESTILLING, KJØP OG HENTING AV

BILLETTER/FESTIVALBAND:

Betalte med Vipps:

Betal for kvar person til 92864416 og merk med:

"Billetttype + namn" (Namn bare hvis annan

person til. nr og namn på betalder har me via

betalinga).

Festivalband med rett farge i høve billett vert

utlevert ifrå onsdag kveld kl 1800.

Det er gratis å campe ifrå onsdag til torsdag for

dei som vil kome i god tid. Kanskje treng me ei

handsrekning



STRAUM

Gratis straum så langt "beholdningen" rekker. Fyrstemann til mølla for dei som kjem på onsdag/torsdag.

MAT

Det er enkel festivalmat å kjøpe på festivalområdet, ellers på dagen er det middag å få på Ose turistheim, elles godt utvalg av mat på matmarknaden laurdag og sundag.

CAMPING KUN FOR MATMARKNADSGJESTER:

For dei som kun skal på matmarknad og ikkje skal på festivalens kveldskonserter er der eigen anvisning camping. Pris 250 kr pr natt ex strøm. Elles henviser vi til **Støylen Camp** lenger sør på tlf 92141414

TURANE MED D/S BJOREN:

Eigne satsar - betal på båten.

ALDERSGRENSE: 18 år

KONTAKTINFO VED SPURSMÅL:

Knut William Bygland
email: bygland@online.no
tlf 928684416

VELKOMNE!

Gamaveka Extreme 2023 -

Paraglider, hangglider og fallskjerm festival på Bygland, 21. - 30. juli 2023 på Bygland

Gamaveka extreme arrangeres i uke 30 på Bygland hvert år. Paragliding, Hanggliding og Fallskjerm.



(Tekst frå Facebook sida til Gamaveka, på bokmål)



Foto: Bygland luftsportklubb

🧠 Det blir dagsturer hver dag til nydelige starter i Setesdal med gode muligheter for XC og Hike & Fly, samt at det er flere startbare fjell i nærområdet som gjerne må benyttes! Det går shuttlebil til start! 😊

🚁 Helikopteret kommer torsdag til søndag og transporterer ivrige piloter til Årdalsknaben. Det blir også mulighet for sightseeing turer 🤓
Flyr du PPG? I år vil PPG gjengen prøve å ta seg en god tur eller fem i samlet flokk! Ta med motoren om du ønsker å bli med! 😊

🛶 Vi har 3 vinsjebåter som suser og går under festivalen, som trekker deg opp høyt over Byglandsfjord. Du MÅ ha vinsjeutsjekk for å bli trekt opp. Det arrangeres akrokonkurransen onsdag - fredag, med lørdag som reserve. Da er konkurranse deltakerne prioritert, mens vi andre får god underholdning 😊

🚫 OBS! Har du ikke opptrekkutsjekk? Frykt ikke. Vi tar med landvinsjen til flystripa på Ose for de som ønsker å ta kurset. Dette kurset vil kun foregå i begynnelsen av Gamaveka (Lør-Tir)

✉️ Send gjerne mail til post@blsk.no hvis du er interessert i opptrekkkurs, så vi får en oversikt.

Alle som vinsjer må påregne seg noen timer i redningsbåt 🚣

🏕️ Under Gamaveka er det (nesten) gratis å overnatte og du kan bo i telt, bil, bobil, campingvogn, hengekøye eller hva du vil. ALLE som er på arrangementet må registrere seg, og da betale en liten engangsavgift for avfall, administrasjon og strøm, som er på kr. 100,- for ikke-piloter og kr. 200,- for piloter. 📄

👨👩👧 Gamaveka er et familievennlig arrangement, så ta gjerne med din bedre halvdel og barn.

📄 Det er ingen påmelding, kun registrering når du ankommer Bygland. Bookingen er åpen fra 09.00 til 21.00.

👤 Mer praktisk informasjon og detaljerte beskrivelser finner du på www.blsk.no under fanen Gamaveka Extreme.

📺 Video fra tidligere Gamaveka Extreme finner dere også på hjemmesiden til klubben.

❤️ Hjertelig velkommen skal dere være både med og uten familie
Vi gleder oss!

Arrangør: Bygland luftsportklubb

Stad: Museumstunet på Bygland

<https://www.blsk.no/>

BYGLAND HUSFLIDSLAG Strikkecruise med Bjoren **onsdag 26. juli**

Kom å bli med på strikke cruise på Bjoren. Kan også vere med UTAN strikkesetøy.

Turen går frå dampbåtsbrygga på Byglandsfjord kl. 15.00 til Bjoren Brygge, Bygland.

Matservering 🍷

Påmelding innen 01.07.2023,

Pris: kr. 500,- pr.pers

Vipps 517163 Husflidslag / Konto 2898.20.03549

Sjå på FB: facebook.com/byglandhusflidslag



Bilete: Bjoren. Foto: Ronny Bøe

SETESDAL SOGELAG Tur til Rustfjødd på Oseheia:

☆ 29. juli: tur til Rustfjødd, 1055 moh, oppmøte på Ose. Losar er Gunnar D. Ose og Harald Moe. Krevjande tur i bratt terreng, ca 12 km.



Rustfjøddvarden. Bilete: Setesdal Sogelag

RUSTFJØDD 29.JULI KL 11.00

Me ønsker velkomen til ein flott fottur til Rustfjødd i Bygland kommune.

LITT OM RUSTFJØDD:

Rustfjødd er 1055 moh. På toppen er det ein flott stor varde, Rustfjøddvarden. Den var eit viktig triginometrisk punkt, brukt i kartlegging og oppmåling av Noreg. Varden blei også brukt under astronomisk måling i 1933. No er Rustfjøddvarden freda av Riksantikvaren. (Setesdølen 13.12.23) I år fyller Kartverket 250 år.

PRAKTISK INFO:

Me møtast ved Storstoga på Ose kl. 11.00. Derifrå køyrer me i så få biler som mogleg opp heievegen, ca 5 km. Kvar bil må betale 100 kr i bompenger. Og det er liten plass til parkering ved plassen Huset der me starter.

Det er ca 6 km opp til toppen. Terrengtet er ulent og noko bratt, men ein stad er det satt opp tau til å halde seg i. På toppen vil me beundre den flotte varden og nyte den fantastiske utsikten.

Losar på turen er lokalkjente Gunnar D Ose og Harald Moe.



Opne turar 2023

Søndag 4.juni kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 11.juni kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 18.juni kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Søndag 25.juni kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 2.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Onsdag 5.juli kl. 12.00	fra Bygland
Lørdag 8.juli kl. 11.00	Bygland-Ose, ikke retur
Lørdag 8.juli kl. 14.00	times tur på Ose (matfestivalen)
Søndag 9.juli kl. 12.00	times tur på Ose (matfestivalen)
Søndag 9.juli kl. 13.30	times tur på Ose (matfestivalen)
Søndag 9.juli kl. 15.00	Ose - Bygland, Ikke retur
Onsdag 12.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Søndag 16.juli kl.12.00	fra Bygland
Søndag 23.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Onsdag 26.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Søndag 30.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Onsdag 2.august kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 6.august kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 13.august kl.12.00	fra Bygland
Søndag 20.august kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Søndag 27.august kl. 12.00	fra Bygland

Om turane kl.12.00 er utselde vert det om mogeleg sett opp ekstraturar kl.14.00

BILLETTPRISAR:

Familie: Kr. 750,00

Vaksne: Kr. 300,00

Born: Kr. 175,00

BOOKING OPNE TURAR:
Setesdalsmuseet

Del av Aust-Agder museum og arkiv

www.bjoren.no

Telefon : +47 995 18 203

Epost: bjoren@aama.no



Sommaren 2023

Veke 26

27.6	kl.16:00 Bykle Kyrkje
28.6	15:00 Sylvartun
	16:00 Sølvgården
29.6	16:00 Milano Evje
	18:00 Ose Turistheim
30.6	14:00 Setesdalsmuseet
	16:00 Stoga, Bygland

Veke 27

4.7	kl. 16:00 Bykle Kyrkje- <i>med Vetle Tveiten Hoslemo</i>
5.7	12:00 Bjoren Bygland
	16:00 Sølvgården
7.7	14:00 Setesdalsmuseet
	15:00 Sylvartun
9.7	13:00 Ose Matmarked
	15:00 Ose Matmarked

Veke 28

11.7	kl. 16:00 Bykle Kyrkje- <i>med Vetle Tveiten Hoslemo</i>
12.7	14:30 Bergtun Hotell
	16:00 Sølvgården
	18:00 Hovdestøylen

13.7	kl. 16:00 Evje Mineralsti
	17:00 Dølen Hotell
14.7	14:00 Setesdalsmuseet
	15:00 Rygnestad museum
	16:00 Brokke Alpinsenter
16.7	12:00 Bjoren Bygland
	14:00 TrollAktiv

Veke 29

18.7	kl. 16:00 Bykle Kyrkje
19.7	14:00 Nordibø Landhandel
	15:00 Sylvartun
	16:00 Sølvgården
20.7	12:00 Kristiansand Museum
21.7	13:00 Setesdalsmuseet
	15:30 The Village, Hovden
23.7	12:00 Bjoren Byglandsfjord
	15:00 Odden Camping
	17:00 Revsnes Hotell

Veke 30

25.7	kl. 16:00 Bykle Kyrkje- <i>med Vetle Tveiten Hoslemo</i>
------	---

Setesdalsmuseet

VEL BEVART, GODT FORTALT

Vi er ein del av Aust-Agder museum og arkiv IKS, saman med KUBEN i Arendal og Grimstad bys museer.

Slåttedag på Rygnestad museum

laurdag 15. juli kl. 11

Program:

- ljåslått med langorv og stutturv
- sliping/ bryning
- gratis slåttegraut ca. kl. 12.00
- om naturverdier i slåttemarkene v/ Statsforvaltaren si miljøvernavdeling ca. kl 13.00
- felespel



www.setesdalsmuseet.no post@setesdalsmuseet.no tlf. 379 36 303

Setesdalsmuseet

Kulturskulen i Bygland, Evje og Hornnes

Kulturskulen har framleis ledige plassar på Kulturkarusellen.

Tid (etter ferien) og stad: onsdagar kl. 13.50 – 14.50 på Bygland skule.

For meir informasjon, sjå heimesida til Evje & Hornnes kommune.

KULTURKARUSELL

Målgruppe: 1. og 2. klasse

Undervisningssteder:

Evje barneskule
mandag kl. 13.30-14.30

Bygland skule
onsdag kl. 13.50-14.50

Hornnes barneskule
torsdag kl. 13.30-14.30



Kulturkarusell er et gøyalt og lekbasert gruppetilbud for elever som går i 1. og 2. klasse. Gjennom året får de blant annet synge, leke med rytmer, prøve forskjellige instrumenter som piano/keyboard, gitar/ukulele, leke teaterleker, lage dukke/ skyggeteaterforestilling og prøve seg på mange spennende visuelle kunstoppgaver.



KULTURSKOLE

BYGLAND • EVJE OG HORNNES



KVA SKJER I BYGLAND?

JULI 2023

(med atterhald om endringar)

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
03.-16.07.	KVS Bygland		Bibel- og naturcamp
tysdag 04.07.	Bygland frivilligsentral	18.00	Bingo
onsdag 05.07.	Brygga på Bygland	12.00	D/S Bjoren + Kulturpatrulja
torsdag 06.07. – sundag 09.07.	Reiårsfossen camping, Ose		Ose Countryfestival, s. 17
laurdag 08.07. – sundag 09.07.	Ose i Bygland (s. 16 og 21 + 22)	11-17	Ose matmarknad med Bjoren og Kulturpatrulja
fredag 14.07.	Bjoren Brygge		Konsert: Hallvardsons Reise
laurdag 15.07.	Rygnestad museum	11.00	Slåttedag
	Bjoren Brygge		Konsert: Telex
sundag 16.07.	KVS Bygland	11.00	Familiegudsteneste
fredag 21.07. – sundag 30.07.	Bygland museum, Presteneset		GAMAVEKA Extreme 2023, s. 18 - 19
laurdag 22.07.	Bjoren Brygge		Konsert: Steffen Jakobsen
onsdag 26.07.	Bygland Husflidslag, brygga på Byglandsfjorden	15.00	Strikkecruise med Bjoren (OBS! Seilasen slutter ved brygga på Bygland!)
laurdag 29.07.	Setesdal Sogelag, Storstoga Ose	11.00	Tur til Rustfjødd
	Sandnes kapell	18.00	Olsok, gudsteneste
	Bjoren Brygge		Brygga Rock Session